

## **Referat frå møte mellom samferdselsavdelinga og sekretariat for kontrollutvalet**

Tid: 19.3.2014 kl. 10.00 – 10.30

Stad: Håkon Rasmussen sitt kontor

Til stades: Fylksdirektør samferdsel Håkon Rasmussen  
Seksjonsleiar, Transportseksjonen, Thorbjørn Aarethun  
Seksjonsleiar, Vegseksjonen, John Martin Jacobsen  
Kontrollsjef Hogne Haktorson, Sekretariat for kontrollutvalet  
Seniorrådgjevar Roald Breistein, Sekretariat for kontrollutvalet

### **TEMA: HENDVENDING FRÅ EIDSLAND GRENDALAG ANGÅANDE FV 569**

1. Leiar i kontrollutvalet har motteke e-post dagsett 26.2.14, vedlagt, frå Eidsland Grendalag der det vert hevda at fylkeskommunen ikkje har svart på hending etter møte med m.a. Hordaland fylkeskommune 22.11.13.
2. HFK laga ikkje referat frå dette møtet.
3. Føremålet med møtet mellom sekretariatet og samferdselsavdelinga var å få informasjon om status i arbeidet med svar på denne hendinga med tanke på at kontrollutvalet i møte 24.3.14 skal få orientering om denne hendinga.
4. Det kom fram i møtet at fylkesordførar Tom Christer Nilsen og seksjonsleiar Thorbjørn Aarethun hadde gjort merksam på i møtet dei hadde med grendalaget 22.11.13, at dei ikkje ville svare på spørsmåla i møtet. Fylkeskommunen ønskte å få spørsmåla tilsendt skriftleg.
5. Kvifor spørsmåla ikkje er komme fram til rette vedkommande i fylkeskommunen, og difor heller ikkje er svart på, kunne ingen forklara.
6. Grendalaget fekk etter fleire purringar kontakt med Thorbjørn Aarethun i starten av februar og sende dokumentasjon direkte til han i e-post dagsett 10.2.14, vedlagt.
7. Grendalaget purra m.a. på saka i e-post dagsett 17.3.14. Førebels svar vart send same dag, vedlagt.
8. Fylkeskommunen har no tatt tak i saka og grendalaget skal få svar på sine spørsmål. Grunnen til at det tar litt tid å få laga ferdig svaret er at ein m.a. må få avklart den omtala vegstrekninga sin vernestatus. Kontrollutvalet vil få kopi av svaret.

19.3.14/Rb

Vedlegg: E-post til kontrollutvalsleiar 26.2.14 frå Eidsland Grendalag  
E-post til Thorbjørn Aarethun 10.2.14 frå Eidsland Grendalag  
E-post til Eidsland Grendalag 17.3.14 frå Thorbjørn Aarethun